

## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
072/14	Formannskapet	PS	15.10.2014
043/14	Heradsstyret	PS	29.10.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	14/2372

### Interkommunalt samarbeid om tilsyn med forsøpling etter forureiningslova - godkjenning av avtale med BIR AS

#### Vedlegg:

Forslag til interkommunal samarbeidsavtale om forsøpling-CT

Prosjektgruppens rapport 11414

Rådmannen rår Formannskapet til å gje slik innstilling til vedtak i heradsstyret:

«Heradsstyret godkjenner at Osterøy kommune inngår eit interkommunalt samarbeid om kartlegging, tilsyn og oppfølging av forsøpling etter lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova). Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund, Vaksdal og BIR AS. Oppgåvane vert utførte av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvane etter forureiningslova.

Samarbeidet etablerast først som eit toårig prøveprosjekt, med oppstart 1.1.15 og avslutning 1.1.17, med ein intensjon om å få i stand ei permanent ordning.

Osterøy kommune deltek saman med dei andre kommunane i finansieringa av prøveprosjektet frå 1.1.15 til 1.1.16 .

Kostnadene knytt til samarbeidet vert dekka innanfor ansvar 62000 og vert innarbeidde i budsjett og økonomiplan.»

Formannskapet - 072/14

FS - behandling:

## **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - vedtak:**

Formannskapet si innstilling til vedtak i heradsstyret:

**«Heradsstyret godkjenner at Osterøy kommune inngår eit interkommunalt samarbeid om kartlegging, tilsyn og oppfølging av forsøpling etter lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova). Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund, Vaksdal og BIR AS. Oppgåvane vert utførte av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvane etter forureiningslova.**

**Samarbeidet etablerast først som eit toårig prøveprosjekt, med oppstart 1.1.15 og avslutning 1.1.17, med ein intensjon om å få i stand ei permanent ordning.**

**Osterøy kommune deltek saman med dei andre kommunane i finansieringa av prøveprosjektet frå 1.1.15 til 1.1.16 .**

**Kostnadene knytt til samarbeidet vert dekkja innanfor ansvar 62000 og vert innarbeidde i budsjett og økonomiplan.»**

## **Heradsstyret - 043/14**

### **HS - behandling:**

## **AVRØYSTING**

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **HS - vedtak:**

**«Heradsstyret godkjenner at Osterøy kommune inngår eit interkommunalt samarbeid om kartlegging, tilsyn og oppfølging av forsøpling etter lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova). Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund, Vaksdal og BIR AS. Oppgåvane vert utførte av**

**BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.**

**Samarbeidet etablerast først som eit toårig prøveprosjekt, med oppstart 1.1.15 og avslutning 1.1.17, med ein intensjon om å få i stand ei permanent ordning.**

**Osterøy kommune deltek saman med dei andre kommunane i finansieringa av prøveprosjektet frå 1.1.15 til 1.1.16 .**

**Kostnadene knytt til samarbeidet vert dekka innanfor ansvar 62000 og vert innarbeidde i budsjett og økonomiplan.»**

#### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn**

BIR AS har, med deltaking frå eigarkommunane, gjennomført eit prosjekt for å utgreie eit mogeleg interkommunal samarbeid om utføring av kommunane sine tilsynsoppgåver etter forureiningslova, der BIR AS på vegner av kommunane tek del i utføring av kommunane sine oppgåver.

Prosjektet tilrår at kommunane Askøy, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund, Vaksdal og BIR AS inngår eit samarbeid om tilsyn, kartlegging og oppfølging av saker om forsøpling etter forureiningslova.

BIR AS ved avdeling for Forvaltning og utvikling utfører oppgåvene på kommunane sine vegner, og tilset ein ekstra medarbeidar for dette formålet. BIR AS har arbeidsgjeveransvaret for medarbeidaren.

Driftsutgifter knytt til ein ekstra medarbeiter kan ikkje dekkast av renovasjonsgebyret, men kostnadane vert difor fordelt prosentvis mellom kommunane i forhold til eit grunnbeløp på 30 % og folketalet i den enkelte kommune.

Avtalen forutset gjennomføring av eit to års prøveprosjekt (2015-16) med intensjon å om ei permanent ordning. Avtalen kan seiast opp av den enkelte kommune med eitt års skriftleg varsel.

## **Vurdering**

BIR AS etablerte eit prosjekt for å utgreie eit mogeleg interkommunalt samarbeid i BIR-kommunene om kommunale oppgåver etter forureiningslova. Utgreiinga har kartlagt ønske, behov, krav og forventningar til eit eventuelt interkommunalt samarbeid om kommunens oppgåver etter forureiningslova.

Som eit ledd i planlegginga av prosjektet, blei det hausten 2012 innhenta synspunkter frå alle eigarkommunane på det planlagte prosjektet og eit interkommunalt samarbeid om ei lovpålagt miljøoppgåve. Forundersøkinga viste at:

- Kommunane er utelukkande positive til eit interkommunalt samarbeid om ei lovheimla miljøoppgåve.
  - Det er brei interesse hos kommunane for å delta i eit interkommunalt samarbeid om ei miljøoppgåve. Bergen kommune ønskjer fortsatt å ivareta oppgåvene sjølv, men er positiv til samarbeid.
  - Det er interesse for samarbeid om fleire typar oppgåver; tilsyn med næringsavfall, tilsyn med forsøpling (inkl. fjerning av gamle bilvrak) og tilsyn med bygg- og anleggsavfall,
  - Viktige grunnar for kommunal deltaking i eit interkommunalt samarbeid er å sikre at miljøoppgåvene blir utført med tilstrekkelig kvalitet i utføringa.
  - Det er brei interesse hos kommunane for å delta i prosjektorganisasjonen som skal utgreie eit interkommunalt samarbeid.
- 
1. Etter forundersøkinga blei prosjektet starta opp. Mål for prosjektet har vore å utgreie korleis BIR AS kan tilby assistanse til kommunar som ønskjer hjelp til ulike forvaltningsoppgåver innan forureinings-området. Utgreiinga har fokusert på korleis BIR kan tilby kommunar assistanse i tilsyn med:
    - Næringsavfall (som i art ikke skil seg vesentlig frå hushaldningsavfall)
    - Forsøpling (inkl. fjerning av gamle bilvrak)
    - Bygg og anleggsavfall (BA-avfall)

Etter utgreiingsarbeid og dialog med BIR-kommunane, skal prosjektet tilrå ei lovheimla oppgåve for gjennomføring av BIR i eit prøveprosjekt. Deretter skal ordninga evaluerast. Kommunestyra i BIR-kommunane må så eventuelt vedta ei permanent oppgåveoverføring til BIR.

Prosjektet er organisert med styringsgruppe, prosjektgruppe og ei referansegruppe, der BIRs eigarkommunar er representerte. Referansegruppa har gitt innspel til og kommentert både

utgreiinga og prosjektgruppas forslag til samarbeidsoppgåve og samarbeidsmodell.

Utgreiinga er lagt opp som ein prosess med fleire aktivitetar, som har ført fram til ei tilrådd samarbeidsoppgåve og ein samarbeidsmodell. Aktivitetar og prosess er vist i figur på side 3 i rapporten.

Utgreiinga tar omsyn både til kommunane sine ønske og behov, og til BIRs høve til å ta på seg og å utøve ei tilsynsoppgåve på vegner av kommunane. Data til utgreiinga er samla inn ved hjelp av:

- Spørreundersøking på mail til BIRs eigarkommunar hausten 2012
- Intervju/møte i 8 av BIRs 9 eigarkommunar vår og haust 2013
- Intervju/møte i BIR haust 2013
- Workshop med prosjektets referansegruppe, vinter 2013
- Erfaringar frå liknande interkommunale samarbeid
- Lovtolking og informasjon om regelverk frå Miljøverndepartementet

Utgreiinga er basert på ein kost/nytte vurdering av eit interkommunalt samarbeid for kommunane og for BIR, der følgande kriterium har vore sentrale:

2. *Kriterium 1: Ivarera oppgåver som enkeltkommunar ikke får løyst sjølv:*
  - Kommunar jobber alt i dag med saker om forsøpling, om enn i varierande grad
  - Kommunar vil med bistand frå BIR jobbe med og få løyst fleire saker om forsøpling enn før
  - Kommunar vil få ei betre og dokumentert oversikt over forsøplinga i kommunen, og vil dermed kunne ta tak i sakene på eit tidligare stadium, noko som har ein førebyggande effekt
  - BIR har eit større apparat enn kommunane, for informasjon til publikum om det viktige i å hindre forsøpling, og om resultatet av arbeidet BIR og kommunane gjer
  - Det må pårekna noko arbeid for kommunens kontaktpunkt/saksbehandlar i BIR, sjølv om BIR får delegert mynde og utfører oppgåvene sjølv. BIR ønskjer å dra nytte av kommunens lokalkunnskap om avfalls- og forsøplingssituasjonen, og til dette treng BIR eit kontaktpunkt i kvar kommune. Etter som tida går vil BIR opparbeide seg meir lokalkunnskap om avfalls- og forsøplingssituasjonen i kommunane.

3.

4. *Kriterium 2: Utføre oppgåvene med betre kvalitet enn enkeltkommuner kan:*

- Det vil bli ei raskare gjennomføring av krevande/større saker om forsøpling
- Det vil bli ei gjennomføring av saker der lovverkets handlingsrom utnyttast meir enn før
- Kommunar vil få ein større prosessrisiko som følge av at det vert brukt fleire maktmidlar for å få rydda opp (pålegg, tvangsmulkt)
- BIRs kompetanse på miljøfag og forureiningsjuss vil gjere det lettare å sjå korleis dei ulike sakene bør handterast og gi ei trygg gjennomføring av sakene
- Kapasitet hos tilsynsorgan i BIR AS kan vere ei utfordring dersom det er fleire saker i fleire kommunar som krev rask respons og avklaring

5.

6. *Kriterium 3: Utføre oppgåvene på ein kostnadseffektiv måte*

- Kommunen vil bruke meir pengar på saker om forsøpling enn før, som følge av at det vil bli jobba med fleire saker og som følge av at stillinga i BIR må finansierast ved eit driftstilskot frå kommunane.
- Kostnader ved opprydding vil i større grad bli velta over på den ansvarlege, da ansvarlege i større grad vil bli identifisert og rommet lovverket gir for å plassere kostnader hos desse vil bli teke i bruk i større grad.
- Med eit fast rammeverk og med BIR sin kompetanse vil kompliserte saker kunne løysast raskare enn før

Oppsummert, så vil assistanse fra BIR føre til at kommunane i større grad enn før får rydda opp i forsøpling. Det må pårekna at kommunene får auka kostnader som følgje av samarbeidet. Men med større fokus på opprydding og tidlig opprydding, samt informasjon til publikum, vil imidlertid omfanget av forsøpling over noko tid kunne synke og bli mindre.

Prosjektet tilrar at kommunane samarbeider om tilsyn med forsøpling.

Folkehelse

Ingen merknader.

Miljø

Meir og betre tilsyn med forsøpling og forureining må ha positiv effekt på miljøet.

## **Økonomi**

Finansieringa av samarbeidet går fram av forslag til samarbeidsavtale, siste side, der kostnader pr. kommune kjem fram. Desse må leggjast inn i driftsbudsjettet.

## **Konklusjon**

Rådmannen anbefaler at kommunen inngår interkommunalt samarbeid om utføring av oppgåver knytt til forsøpling etter forureiningslova i samsvar med vedlagte forslag til avtale.